

Årsmelding 2024 Kvinnherad Turlag



Innhold

ORGANISASJONEN	3
ÅRSMØTET	4
ARBEIDET I STYRET	4
KVA STYRET HAR GJORT I 2024	4
<i>TellTur</i>	5
<i>Postkassetrimmen</i>	5
<i>Aktiv i 100</i>	6
<i>Lageret</i>	6
<i>Turleiarane</i>	6
<i>Konferansar og møte</i>	6
<i>Kurs</i>	6
DUGNADSTIMAR	7
AKTIVITETAR	7
<i>Turprogrammet 2024</i>	7
<i>Oversikt over gjennomførte turar og deltakartal 2024</i>	7
<i>KVINNHERAD FJELLTRIM</i>	11
<i>MEDLEMSTAL 2024</i>	12
<i>ÅRSMELDING FOR BARNAS TURLAG, 2024</i>	14
<i>ÅRSMELDING TURBOKLUBBEN HUSNES:</i>	16
<i>DNT UNG KVINNHERAD</i>	19
<i>ÅRSMELDING 2024 - SENIORGRUPPA</i>	20
<i>AKTIV I 100</i>	21
<i>ÅRSMELDING FJELLSPORTGRUPPA</i>	22
<i>HYTTETILSYN FAGNABU</i>	23
<i>REKNESKAP</i>	25
<i>BUDSJETT</i>	26
<i>ÅRSRAPPORT FOR HYTTEUTVALET BREIDABLIKK OG FONNABU 2024</i>	27

ORGANISASJONEN

Styret har vore samansett slik:

Leiar	Jarle Røstbø
Nestleiar	Hans Bertin Hjortland
Kasserar	Merete Hersvik
Styremedlem	Helge Furdal
Styremedlem	Anne Kari Enes
Varamedlem	Tor Hveem
	Elbjørg Teigen
	Vigdis Jensen

Revisorar	Kirsten Hellingsrud
	Tor Øystein Havnerås

UNDERGRUPPER

Barnas Turlag	Mona Eikemo Røstbø, leiar
	Ann Kathrin Røssland
	Tanja Markhus
	Inger Johanne Blokkum
	Miomir Milenkovic

DNT UNG	Bertine Johnsen Medhus
	Ingrid H. Enes-Slettebakken
	Ingrid Eik Arnevik
	Terje Eikemo Steine

Seniorgruppa	Arnt Orholm, leiar
	Jan Martin Skaaluren
	Toril Tjelmeland
	Jan Helge Opsanger
	Sigmund Spjelkavik

Fjellsport	Erik Lemicka, leiar
	Emil Stafsnes
	Håvard Nistad
	Helene Hivand
	Øystein Slåke

Turgruppe Integrering	Monica Helvik Sletten
------------------------------	------------------------------

Hytteutval for Fonnabu og Breidablikk	Anne Kari Enes, kontaktperson
	Nils Gausvik
	Siv Framnes
	Helge Furdal
	Geir Eidsvik
	Geir Nes
	Ole Vidar Monsen
	Rolf Christian Mehl

Valnemd	Karin Thauland
	Mari Teigen Varanes
	Solveig Haugland
	Magnus Eide, vara

Årsmøtet

Årsmøte vart halde mandag 12. februar 2024 i Kvinnherad Arena, Husnes.

Registrert frammøte: 23 medlemmer. Grete Solheim, som er styremedlem i BHT, representerte moderlaget.

Jarle opna møtet og ynskte velkommen.

Kjell las diktet «Nyakyro Litago» av Jimmy Øvredal.

Møtet vart kunngjort i begge lokalavisene, Grenda og Kvinnheringen, og på turlaget si nettside.

Årsmøtet handsama vanlege årsmøtesaker, årsmelding, rekneskap, budsjett og val i samsvar med innkallinga.

Arbeidet i styret

Vi har hatt 10 styremøte i 2024. Vi har vekslet på å ha styremøta på Husnes og i Rosendal.

Gruppeleiariane vart også kalla inn til styremøta. Det er greit å få snakka med alle gruppene.

Kva styret har gjort i 2024

Januar

Styremøte 23. januar

Kvinnherad Fjelltrim/Postkassetrimmen

Søknad Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad midlar oppgradering sti og trase til Fagnabu.

Søknad Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad midlar til Postkassetrimmen.

Februar

Årsmøte 12. februar.

Tilflyttarsamling 13. februar.

Mars

Styremøte 4. mars.

Fellesmøte i Bergen og Hordaland turlag 5. mars.

Folkemøte i Rosendal om revisjon av forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark 20. mars.

April

Nærturleiarkurs 4. april.

Styremøte 9. april.

Arbeid med nytt lager til utstyr. Turlaget fekk ein kort frist frå kommunen om at vi måtte ut frå kjellarlokala innan 1. mai. Geir Eidsvik hjelpte oss med å skaffa eit høveleg lager på Børneset hos Eidsvik/Selstad.

Opptur 2024 gjennomført for alle 8.-klassingane onsdag 8. mai.

Bestilling av jakker til tillitsvalde og frivillige.

Samling Bergslagen 22. april. Opplæring i DNT Aktivitetssystem v/ Jan Martin

Mai

Styremøte 6. mai.

Tur med elevar ved Husnes ungdomskule valfag friluftsliv til Vetrhus, overnatting i telt.

Juni

Styremøte 4. mai før samling.

Samling Bøkkeren 4. juni. Risikovurdering og kos 😊

Monica startar jobben med TIL TOPPS KVINNHERAD som endrar namn etter kvart.

Grunnleggande turleiarkurs.

Juli

Ferie

August

Styremøte 29. august

Strategiplan BHT 2025

Forsøker å påverka Statkraft for utbetring og sikring i Rednedalen.

Utbetring sti-trase Fagnabu.

September

Turleiarsamling Bergslagen turprogrammet.

Styremøte 24. september.

Ønskje om å vidareføra *Hjortatrakket* utan hell så langt.

Avslutta konto hos Sparebankstiftinga Kvinnherad vedk. Hellandsbrua.

Ta turen 2025 vert i papirform.

Prøve å få i gang eit førstehjelpskurs her lokalt.

Sommarturleiarkurs gjennomført med 8 deltagarar. 2 frå BHT, 6 lokale.

Oktobe

Foredrag med Jon Gangdal og Kunga Gyaju Sherpa.

Styremøte 24. oktober

Postkassetrimmen vert avslutta våren 2025. Alternativ til digital turregistrering for Kvinnherad Fjelltrim.

Turprogrammet 2025

November

Turleiarsamling 26. november Andre M Pedersen føredrag .

Folkemøte Høyringsfråsegn 420 kv gjennom Kvinnherad Rosendal.

Desember

Styremøte 4. desember.

Valkomite, rekruttering.

Årsmøte 11. febr 2025 for 2024 Uskedalen

Høyringsfråsegn 420 kv gjennom Kvinnherad.

Generelt gjennom året mottek turlaget førespurnader om alt frå føremeldingar, lokale tilhøve både i skisesongen og fottursesongen.

Samarbeid med Friluftsrådet Vest om Tell Tur-registrering.

Kvinnherad Fjelltrim var som i 2023 digital.

Registreringa vart gjord i Appen Postkassetrimmen. Denne vert avvikla våren 2025.

Drift og vedlikehald av Dagsturhytta ved Nautavatnet (Fagnabu). Turlaget har hatt ansvar for tilsyn og drift i samarbeid med kommunen sidan opninga av hytta i oktober 2022. Sjå eiga årsmelding.

Kvinnherad Turlag har avtale med Økoringen om føring av rekneskapet.

Det har vore planlagt og arrangert mange fine turar til fots, i kajakk og på ski.

Turboklubb er godt etablert og er ein suksess, sjå eiga årsmelding vedlagt.

Aktiv i 100 held fram som før.

To av styremedlemene, Hans Bertin Hjortland og Anne Kari Enes, er med i Fagleg rådgjevande utval for Folgefonna nasjonalpark.

Me fekk igjen arrangert opptur for 8.-klassingane 8.mai.

Kvinnherad-kula var i 2024 i sin fjerde sesong, det er ei julekule som kvart år kjem med eit motiv av eit fjell, eit kjent turmål eller ei bygd, i år var det Gråskallen som pryda kula. I 2021 Melderskin, i 2022 var Bondhusvatnet motiv.

2023 var det Husnes i Nordlys. Kvinnherad turlag fører rekneskap med produksjon og får god reklame gjennom prosjektet.

TellTur

TellTur er Friluftsråda sitt system for å registrera turbesøk og er basert på ein kode for kvart turmål. Kvar tur har poeng etter ei gradering.

Etter at registreringa vart meir digitalisert, har ikkje Kvinnherad Turlag vore like mykje involvert som tidlegare.

I Kvinnherad er det registrert totalt 349 turar til dei 12 TellTur-måla i kommunen i 2024. Desse turane er gått av 145 forskjellige turgåarar, der 11 er busette i kommunen. Hattebergsdalen og Handelandsdalen er dei mest besøkte turmåla med 44 innsjekkingar kvar.

Postkassetrimmen

Vi søkte i 2022 Sparebankstiftinga om midlar for at bygdelaga/idrettslag i kommunen kunne få dekka utgiftene med bruken av applikasjonen Postkassetrimmen til fjelltrimmane sine, det vart vidareført til 2023.

Våren 2024 fekk vi på ny midlar til å bruka på dette, men Appen vert dessverre lagd ned våren 2025.

Aktiv i 100

Denne aktiviteten er i utgangspunktet eit tilbod som har litt lågare terskel enn dei vanlege seniorturane. Det er DNT, Røde Kors og Helsedirektoratet som i samarbeid står bak denne ordninga. I 2024 hadde vi 4 grupper med Aktiv i 100.

Me får ikkje lenger midlar til drifta av Aktiv i 100, utgiftene blir dekka 100% av KTL.

Gruppene er 1. Ølve og Hatlestrand, 2. Handeland og Sandvoll, 3. Husnes, og 4. Rundt i Kvinnherad på onsdagar.

Sjå meir om Aktiv i 100 i årsmeldinga frå Seniorgruppa.

Lageret

Vår avtale med Kvinnherad kommune om å nytta eit kjellarrom på Stølen i Uskedalen opphørde 1. mai 2024.

Etter det har me fått leiga lokale av Eidsvik/Selstad i Uskedalen.

Turleiarane

Me har i 2024 hatt Nærturleiarkurs, Grunnleggjande turleiarkurs og Sommarturleiarkurs.

Turleiarsamlingar

Bergslagen 22. april, Bøkkeren 4. juni, Gurinefjero 26. november

Konferansar og møte

I februar arrangerte BHT Turlaiarsamling for vinterturleiarar på Hallingskeid, frå KTL deltok Anen Kari Enes og Gunnlaug Vågen.

BHT arrangerer to fellesmøte i året for lokallag og BHT. 5.mars var det første fellesmøtet, Jarle Røstbø deltok digitalt.

Kursleiarkonferanse på Lillehammer i november: Dette er ei årleg samling/eit kurs for kursleiarar i DNT. Kjell Yri og Gunnlaug Vågen deltok her.

Fellesmøte mellom lokallaga og BHT vart halde på Hotel Kilstraumen 09.-10.november. Jarle Røstbø og Anne Kari Enes deltok for KTL.

Anne Kari Enes er redaksjonsmedlem i medlemsbladet til BHT, Sti og Varde, og deltek i jamlege redaksjonsmøte i Marken og digitalt.

Kurs

Turleiarane og frivillige er grunnlaget for all aktivitet i turlaget. Vi ser det som viktig å ha jamlege samlingar med aktuelle tema og å kunna tilby kurs lokalt og sentralt for å ha kompetente turleiarar. Turlaget dekkjer kurskostnader og reise til kurs for dei som er aktive turleiarar i laget. Det har vore utfordrande å få tak i instruktørar som har NF Godkjenning for å halda førstehjelpskurs 16 timer, som er krava til DNT. Jarle deltok i Bergen på 16t-kurs i november. Det er planlagt 16 t. førstehjelpskurs i 2025 med to tilreisande instruktørar til kurs i Kvinnherad.

KURS / UTDANNING	Planlagt	Gjennomført	Deltakartal
Turleiarsamling KTL	4	4	97
Førstehjelpskurs KTL	0	0	0
DNTs kurslederkonferanse	1	1	2 (frå KTL)
Grunnleggjande turleiarkurs	1	1	6
Sommarturleiarkurs	1	1	8
Ambassadørkurs KTL	2	2	14
Nærturleiarkurs	1	1	6
Fjellmedisinkurs	0	0	0
Vinterturleiarkurs	0	0	0

Kajakkurs KTL i samarbeid med Perlo kajakklubb,	0	0	0
Fjellsportkonferanse (DNT)	0	0	0
Grunnleggande førstehjelp for friluftsliv (BHT)	1	1	1 frå KT
SUM	11	11	134

Dugnadstimar

	Komite og styrearbeid	Turleiing og instruksjon	Anna	Totalt
Antal timar	1877	1923	2045	5845

Aktivitetar

Kvinnherad Turlag tilbyr aktivitetar til dei fleste: barnefamiliar, ungdom, vaksne og seniorar. Nivået på turane varierer frå lett til krevjande.

Turprogrammet 2024

Det vart i 2024 ikkje produsert turprogram i papirform.

Me såg at det var ein del problemer med å finne turane på nett, dette er noko me har høyrt fleire lokallag har slete med og det er rapportert vidare.

Oversikt over gjennomførte turar og deltagarkatal 2024

Gruppe	Tur	Deltakararar
Hovudlaget	24.2 Måneskinstur på ski, Vetrhus	Avlyst
	6.4. Vårskitur til Ulvanosa	Avlyst
	26.4. Vårskitur Skaulen Sauda	2
	4.-5.5. Skitur over Folgefonna til Rosendal via Fonnabu	12
	25.5. Skitur på Holmaskjer	15
	26.5. Ski Alvaldsnuten	Avlyst
	18.6. Fest i fjellet Geitadalstind	19
	24.-25.6 Tretopphyttetur	Avlyst
	6.- 8.9 Fottur Hallingskeid, Geiteryggen og Finse	6

	21.9 Reinsnosi	Avlyst
	Total Hovudlaget	66
DNT Ung	8.5. Opptur 8.klasse alle ungdomsskulane	183
	23-24.5 Vetrhus med friluftsliv valfag Husnes ungdomsskule	47
	Total Dnt ung	230
Barnas Turlag	4.2 Kom deg ut-dagen	100
	8.4 Paddetur. Bjellandstjødno	23
	26.mai Gråskallen	Avlyst
	8.6 Overnatting Hengekøye Bjellandsneset	Avlyst
	1.9 Kom deg ut-dagen på Hestasletto	80
	3.12 Adventstur Trollskogen	3
Barnas Turlag Turboklubb	12 gjennomførte turar	228
	Total Barnas turlag	433
DNT Fjellsport	16.4. Skitur Englafjell, Mjelkhaug, Handelandshorga	20
	Total Fjellsport	20
Kajakk	12.6. Kajakk Valen	14
	Kajakk Nærøyfjorden	Avlyst
Seniorgruppa	Høylandsbygd/Klubben	36
	Urhaug/Brakhaug/Ørnnipen	28
	Sandvollstølen	47
	Stussvikhovda	27
	Sundstølen	35
	Hellaugvatnet (Etne)	25

	Meldalen/Skåladalens	31
	Fløien (Bergen)	20
	Varden (Varaldsøy)	36
	Gardhammar (Sunndal)	16
	Stovegolvet/Kattnakken (Stord)	29
	Guddal	17
	Aurlandsdalen (Overnatting)	14
	Ænesdalen	26
	Fynderdalen (Sunndal)	14
	Golsfjellet (Overnatting)	28
	Åkrastølen	37
	Storhaug (Herøysund)	25
	Måvatnet (Gjetingsdalen)	40
	Jonåsen (Sandvoll)	44
	Vardhaugselet/Nordfjell	25
	Tjobergshaugen (Halsnøy)	42
	Total Seniorgruppa	642

Deltakartal per gruppe

Gruppe	Planlagte turar	Gj.førte turar	Deltakartal
Hovudlaget	10	6	66
DNT Ung	2	2	230
Fjellsportgruppa	1	1	20
Kajakk	1	1	14
Seniorgruppa	22	22	642
Aktiv i 100 (inkl. seniorgruppa)	131	131	2798
Barnas Turlag	6	4	206
Barnas Turlag, Turboklubb	12	12	228
Inkludering og språktrenng	5	3	4
Totaltal deltarar	190	182	4207

Deltakartal sidan 1999

fordelt på talet på gjennomførte arrangement – (tal i parentes):

Årstal	Dagsturar	Helgeturar	Kajakkturar	Opptur	Innandørs klatring
1999	76 (3)	96 (5)			
2000	139 (7)	54 (4)			
2001	108 (5)	95 (4)			Ikkje reg.
2002	132 (7)	105 (4)			Ikkje reg.
2003	106 (5)	106 (6)			230
2004	118 (8)	77 (5)			500
2005	347 (9)	113 (7)			469
2006	145 (12)	105 (6)			479
2007	384 (7) *	57 (5)	52 (5)	200	477
2008	337 (7) *	68 (4)	67 (6)	200	227
2009	141 (12)*	88 (7)	42 (5)	160	0
2010	202 (8)	80 (4)	33 (3)	185	0
2011	83 (7)	56 (4)	34 (2)	216	
2012	177 (9)	114 (8)	10 (1)	180	
2013	78 (5)	90 (6)	37 (4)	216	
2014	32 (4)	90 (6)	56 (4)	216	Aktiv i 100
2015	60 (5)	66 (3)	39 (3)	215 (1)	
2016	177 (12)	38 (4)	41 (3)	220 (1)	694 (48)
2017	49 (5)	78 (6)	35 (3)	200 (1)	1485 (95)
2018	57 (6)	88 (9)	25 (2)	210 (1)	2325 (125)
2019			20 (3)	210 (1)	2726 (125)
2020	57(3)	13(1)	17(2)		1414(70)
2021	99(8)	12(2)	10(1)		2393(122)
2022	68(5)	57(5)	10(1)	180(1)	2641(126)
2023	127 (6)	55(3)	21 (2)	184(1)	2758(129)
2024	34(2)	33(4)	14(1)	183(1)	2798(131)

Undergruppene

ÅR	Barnas Turlag	Fjellsportgruppa	Seniorgruppa	DNT Ung

1999	ikkje reg. (2)	0		
2000	Ikkje reg. (5)	0		
2001	66 (5)	35 (5)		
2002	209 (5)	36 (4)		
2003	134 (3)	41 (6)		
2004	217 (4)	21 (2)		
2005	363 (6)	22 (3)		
2006	128 (5)	23 (4)		
2007	112 (4)	25 (2)	89 (8)	
2008	226 (12)	59 (5)	142 (11)	
2009	253 (5)	18 (3)	135 (12)	
2010	221 (4)	15 (2)	104 (11)	
2011	94 (4)	22 (3)	197 (14)	
2012	131 (3) (92 kom deg ut dag)	11 (2)	193 (13)	
2013	405 (4) (315 på kom deg ut-dagar)	21 (2)	212 (14)	
2014	770 (3 og 2 KDU-dagar)	33 (1)	257 (16)	
2015	578 (3 og 2 KDU-dagar)	38 (4)	296 (14)	
2016	564 (3 og 2 KDU-dagar)	0	315 (15)	16 (2)
2017	616 (350 på KDU-dagar)	1	473 (18)	10 (1)
2018	536 (2 og 475 på 2 KDU-dagar)	13 (2)	475 (17)	20 (4)
2019	333 (2 + 2 KDU)	38 (2)	572 (15)	20 (4)
2020	110 (3+1KDU)	15(3)	193(8)	39(3)
2021	75(3)	40(3)	477(18)	NA
2022	215(6+1KDU)	40(3)	511(19)	16(3)
2023	255 (14 Turboklubb) +36 (3 barnas turlag)	21(1)	571(21)	16(2)
2024	228 (12 Turboklubb) + 26 (4 Barnas turlag-arr.)	20(1)	642 (22)	230(2)

Kvinnherad Fjelltrim

Kvinnherad turlag, idrettslag i Kvinnherad og lokale bygdelag har lagt ut registreringsbøker og klyppetenger på fleire turmål i kommunen. Kvinnherad Fjelltrim er turlaget sin fjelltrim med 16 ulike turmål. Kommunen er inndelt i 8 ulike område med to

turar i kvart av dei. Kravet til fullført fjelltrim er at ein registrerer seg på minst fem turmål i tre ulike område. Turane som inngår er Ulvanosa (Høgetinden), Feto i Handelandsdalen, Mjelkhaug, Gråskallen, Geitadalstind, Kviteggjo, Melderskin, Skålafjell, Ænesssetra, Breidablikk, Varden (Varaldsøy), Blånuten (Hatlestrand/Ølve), Borgundnuten, Tjodberghaugen, Ingahogg, Svelgabreen/Botnabreen.

Årstal	Deltakartal	Totalt turar gått
2003	68	487
2004	96	722
2005	129	865
2006	109	841
2007	99	691
2008	84	628
2009	100	646
2010	91	625
2011	96	663
2012	58	393
2013	72	491
2014	64	453
2015	61	392
2016	62	509
2017	58	392
2018	69	526
2019	64	506
2020	61	486
2021	46	357
2022	39	273
2023	106	556
2024	(618) 118	4691

Deltakartala syner ein god framgang etter innføring av digital registrering via appen Postkassetrimmen. Betydeleg auke i 2024. Det er trist av denne appen vert lagd ned. Målet er å ha på plass ein ny applikasjon i 2026.

Medlemstal 2024

Etter nokre år med nedgang er det no igjen ein liten oppgang i medlemstala. Slik har utviklinga av medlemstala vore sidan starten 1998:

År	Hoved	Ungdom		Hon-Nør	Hus-stand	Barn	Livs-vari-g		TOTAL
1998									327
1999									353
2000									425
2001	299	11		19	84	48	4		455
2002	296	13		25	94	35	4		467
		Stud	Skule						
2003	289	21	25	31	94	41	4		495
2004	315	14	25	34	106	48	4		548
2005	338	16	30	40	108	45	5		582
2006	341	25	40	37	115	47	5		610
2007	354	21	46	39	118	49	4		631
2008	362	18	48	46	123	50	4		651
2009	366	18	51	43	132	64	4		678
2010	353	22	45	50	139	64	4		677
2011	338	22	38	57	136	60	3		654
2012									687
2013	352	20	31	76	152	97	3		731
2014	355	20	34	89	157	103	3		761
2015	373	21	46	105	175	94	3	Familie Hovud	Familie Husstan
2016	330	17	31	111	154	61	2	37	139
2017	304	17	24	134	156	54	2	50	180
2018	289	21	24	149	151	50	2	64	216
2019	293	26	18	158	153	50	2	62	200
2020	280	24	17	175	154	42	2	60	193
2021									915
2022									896

Alder	0-12	13-18	19-25	26-40	41-59	60-66	67+		
2023	89	54	43	77	255	132	231		881
2024	90	58	54	77	262	127	237		905

Årsmelding for Barnas Turlag, 2024

Det var planlagt nokre fine aktivitetar for vår-halvåret med god deltaking. I april arrangerte Barnas turlag ein tur til Bogsnesåsen, Husnes, med turbingo for born i alderen 6-9 år. Her deltok 10 born.

Vidare arrangerte gruppa ein tur til husmannsplassen Holo på Bjelland for 6 deltagarar.

I mai samarbeidde Barnas turlag med Folgefonsenteret om ein aktivitetsdag ved sjøen. Her var det lagt opp til fine aktivitetar slik som fiskekonkurranse, krabbefiske og strandbingo. Her deltok i alt 20 born og deira foreldre.

Barnas turlag er godt fornøgde med samarbeidet med besøkssenteret. Aktiviteten fekk god dekning i pressa.

Barnas turlag har si eiga Facebook-side der dei legg ut informasjon om sine turar. **Barnas turlag 2024**



Nytt styre i 2024:

Ann Kathrin Røssland, Inger Johanne Blokkum, Tanja Markhus og Mona Eikemo Røstbø.

4.februar: Kom deg ut-dagen

I parken på Husnes (skulle egentleg vore i Tveitedalen, men grunna manglende snø og litt dårlige meldingar gjekk vi for enkelt og tilgjengeleg, blei og oppfordra frå BHT om det).

- ca 100 stk. med stort og smått + 5 frivillige
- Aktivitetar: rebus, hjortequiz, balansering på line, ringekasting på hjortegevir, stabling av klossar, konglekasting i bøtte. Grilling av pølser, som ein får dekka av Gilde. Fekk gode tilbakemeldingar på dagen av dei frammøte.

8.april: Paddetur i lag med Turboklubben

23 deltagarar + 2 turleiarar

Paddeturen var eit samarbeid mellom Barnas turlag og Turboklubben. Den var i utgangspunktet sett opp 18. april, men fordi paddelivet starta noko før i år, flytta vi den fram 1,5 veke.

Aldersspennet på ungane var frå nett under 2 år til 8 år. Ivrige ungar sprang utover til Tjødno. Med både forstørrelsesglas og boks til å ha dyr i. Vi fekk ikkje med oss eit yrande paddeliv, då det var over. Vi fekk sjå nokre paddar uti vatnet. Vi fekk sjå eggremser som var lagt i vatnet – det var spennande. Vi fann og nokre daude paddar som blei iherdig studerte av alle. Rikt fugleliv med hakkespett som høyrest godt, var og kjekt å få med seg.

Grilling av pølser var populært, og marshmallow-posen blei og tom! Ein trivelig ettermiddagstur.



26. mai: Gråskallen

Avlyst grunna ingen påmeldte.

8. juni: Overnatting i hengekøye Bjelland

Avlyst grunna veldig mykje regn og ingen påmeldte

1. september: Kom deg ut-dagen på Hestasletto i Rosendal



Det var ca 80 stk innom oss, stort sett småbarnsfamiliar. Vi lånte ulike aktivitetsleiker på BUA i tillegg til det turlaget hadde sjølv. Vi hadde 5 ulike aktivitetar, barn og foreldre grilla pølser sjølv, turbingo - den engasjerer!, samt ein konkurranse. Flotte timer i eit nydeleg ver.

3.desember: Adventstur



Denne skulle eigentleg gå i Handelandsdalen til Feto, men grunna ingen påmelding blei det alternativ tur til Trollskogen på Sunde der bestemødrane (som er leiarane i barnas turlag) tok med seg barnebarna på ettermiddagskos med kakao og julekjeks. Stor stas å gå i mørke med hovudlykt, gå sjølv og sjå på dyra i Trollskogen.

3 barn og 2 voksne.

Det blei noko aktivitet i Barnas turlag i år, der Kom deg ut-dagane var populære. Begge dei blei publiserte i lokalavisene på førehand – kan det vera ein grunn til bra deltaking? Vi fekk ein del spørsmål frå foreldre på desse dagane om kor ein finn program for Barnas turlag, ser ikkje ut som det er kjent for alle kor ein finn dette. Det er lagt ut på turlaget sine nettsider, det blir også publisert på Facebook på hovudlaget si side (Barnas turlag si Facebookside er ikkje oppe og går grunna mangel på tilgang).

Forutan kom deg ut-dagen i Rosendal var det lite tilbod i den delen av kommunen då vi ikkje fekk nokon til å ta på seg ettermiddagsturar i det området. Har fått til eit program for neste år som dekker meir heile kommunen.

Mona og Ann Kathrin.

Årsmelding Turboklubben Husnes:

Turboklubben Husnes er ein fritidsklubb for barn i barnehagealder og tidleg skulealder. Me har i 2024 hatt 12 turar, torsdagar 17-18.30. 228 store og små har til saman vore med på desse turane. Me har hatt turar på Husnes, Valen, Handeland, Sunde og Halsnøy, med aktivitetar som bål, froskesafari, barkebåtbygging, turbingo og mykje leik.

Me set stor pris på å vere på tur saman, og ønskjer nye og gamle turboar med på tur i 2025.







DNT Ung Kvinnherad

Det har ikkje late seg gjere å få til nokon turar i DNT UNG i 2024.

Det vart som vanleg gjennomført Opptur første onsdag i mai, med god stemning og kjekke ungdomar. 23.-24. mai var me med friluft valfag på Husnes ungdomsskule på overnattingstur med telt til Vetrhus.



Opptur 2024
Nordfjell – Vardhaugselet - Olderbotn

ÅRSMELDING 2024 - SENIORGRUPPA

STYRET

Styret i turlaget si seniorgruppe 2024:

OPSANGER, Jan Helge

SKAALUREN, Jan Martin

ORHOLM, Arnt – leiar

SPJELKAVIK, Sigmund

TJELMELAND, Toril

Styret har hatt 2 møte, i tillegg eitt saman med alle turleiarane i samband med turprogrammet for 2025. I tillegg har det vore kontakt via e-post og telefon ved behov.

TURLEIARAR

Dette er ei stabil gruppe der samtlege tek del i å leia på turane våre.

Vi har i løpet av året fått 3 nye sommarturleiarar. Det er: **HAVELAND**, Elling; **LINDSETH**, Anne Grethe og **TEIGEN**, Elbjørg Johanne.

Vi er 21 turleiarar i Seniorgruppa og AKTIV i 100 som er godkjende og som har vore aktive i 2024:

BJØRGEN, Kjell Ivar; **FENNE**, Hermund; **FOSSHEIM**, Helga; **FOSSHEIM**, Jarle; **HANDEGARD**, Marita; **HAVELAND**, Elling; **KLEVEN**, Steinar; **KROKA**, Steinar; **LIEN**, Elin Hvidsten; **LINDSETH**, Anne Grethe; **MEYER**, Rita Martens; **OPSANGER**, Jan Helge; **ORHOLM**, Arnt; **RØSSLAND**, Helen Sandvik; **SANDVIK**, Solveig Hellesø; **SKAALUREN**, Jan Martin; **SPJELKAVIK**, Sigmund; **STØLE**, Nils Olav; **TEIGEN**, Elbjørg Johanne; **TJELMELAND**, Toril; **VAAGE**, Ivar.

Seniorgruppa har no 8 sommarturleiarar:

BJØRGEN, Kjell Ivar; **FENNE**, Hermund; **HAVELAND**, Elling; **KROKA**, Steinar; **LINDSETH**, Anne Grethe **OPSANGER**, Jan Helge; **SKAALUREN**, Jan Martin; **TEIGEN**, Elbjørg Johanne.

Turleiarane er grunnfjellet for aktivitetane våre og heilt avgjerande for ei god gjennomføring av turane.

Dette er ein stabil gjeng som står på slik at Seniorgruppa skal ha varierte og kjekke turar. Utan "ståpåviljen" til turleiarane våre, vert det ikkje noko aktivitet i Seniorgruppa.

TURAR

I 2024 hadde vi planlagt 24 ordinære seniorturar, inkludert 2 overnattingsturar.

På grunn av forholda, vart fleire av dei oppsette turane endra og gjennomførte til andre turmål.

Men som vanleg vi har ikkje avlyst turar i år heller.

07. februar	Høylandsbygd/Klubben	36 deltakrar
21. februar	Urhaug/Brakhaug/Ørnnipen	28 deltakrar
06. mars	Sandvollstølen	47 deltakrar
20. mars	Stussvikhovda	27 deltakrar
03. april	Sundstølen	35 deltakrar
17. april	Hellaugvatnet (Etne)	25 deltakrar
01. mai	Melsdal/Skåladal	31 deltakrar
15. mai	Fløien (Bergen)	20 deltakrar
29. mai	Varden (Varaldsøy)	36 deltakrar
12. juni	Gardshammar (Sunndal)	16 deltakrar
26. juni	Stovegolvet/Kattnakken (Stord)	29 deltakrar
07. august	Guddal	17 deltakrar
12.-13. aug	Aurlandsdalen (Overnatting)	14 deltakrar
21. august	Ænesdalen	26 deltakrar
04. sept.	Fynderdalen (Sunndal)	14 deltakrar
09.-13. sept.	Golsfjellet (Overnatting)	28 deltakrar
18. sept.	Åkrastølen	37 deltakrar
02. oktober	Storhaug (Herøysund)	25 deltakrar
16. oktober	Måvatnet (Gjetingsdalen)	40 deltakrar
30. oktober	Jonåsen (Sandvoll)	44 deltakrar
13. november	Vardhaugselet/Nordfjell	25 deltakrar
27. november	Tjobergshaugen (Halsnøy)	42 deltakrar

Siste turen for 2024 gjekk til Tjobergshaugen frå Fatlandskogen. Ein fin tur i småkupert område, tidvis nokså våte parti. Etter turen samla vi oss hos Bra Lunsj i Sæbøvik for mat og litt sosialt samvær. Turprogrammet for 2025 var klart, og utdelt til alle som var med.

Deltakinga har gått litt opp samanlikna med 2023, frå 662 deltagara, til 696, fordelt på 24 turar. Det blir eit snitt på 29 deltagarar pr. tur, noko vi er godt nøgde med.

Vi ser fram til ein god og variert tursesong i 2025, der vi har planlagt mange varierte og spanande turar over store delar av kommunen, og nokre ut av Kvinnherad.

AKTIV I 100

Denne aktiviteten er i utgangspunktet eit tilbod til dei som har ein litt lågare terskel for deltaking enn på dei vanlege seniorturane, men deltakinga er sjølvsagt open for alle, og det er gratis å delta på turane med Aktiv i 100.

Ved starten i 2016 hadde vi to grupper. I 2017 vart det utvida med to nye grupper. Alle fire gruppene er veldig aktive og med bra deltakartal på kvar tur. Turlagsleiar Jarle Røstbø er prosjektleiar for tiltaket.

Gruppe 1 Ølve/Hatlestrand (turleiar Rita Martens Meyer og medhjelparane Grethe Ljostveit, Alice Tuften, Martha Bergtun og Aud Jorunn Femsteinevik).

Gruppe 2 Handeland (turleiarar Toril Tjelmeland og Elin Hvidsten Lien).

Gruppe 3 Husnes (turleiarar Jan Helge Opsanger og Steinar Kleven). Dette er eit samarbeid med LHL, der Ingunn Mo Hardeland er kontaktperson.

Gruppe 4 Aktive seniorar (dei ordinære onsdagsturane).

Sjølv om antal personar i Gruppe 1 har minka i 2024, har det i dei tre andre gruppene auka. I tillegg til "våre turar" veit vi at det er fleire grupper som går tur i fleire av bygdene. Med ei samla turdeltaking på 2 798 personar på 131 turar får ein eit snitt på 21,4 deltagarar pr. tur, noko vi bør vera veldig godt nøgde med. **Dette er ny deltagarrekord, med ein auke på 40 personar frå 2023.**

Turleiarane gjer ein imponerande innsats og dei skal ha mykje av æra for suksessen for Aktiv i 100.

I Gruppe 1, 2 og 3 er det dei same personane som er turleiarar på alle turdagane.

Heller ikkje i 2024 fekk Aktiv i 100 midlar frå Helsedirektoratet. Derfor sette Kvinnherad Turlag av kr. 60 000 som kunne delast og brukast av dei 4 gruppene. Midlane er brukt til møte, mat og sosiale tiltak.

Kanskje er det å håpa at Helsedirektoratet er tilbake med midlar til ei så viktig og populær sak i 2025?

Turdeltaking 2024	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	SUM
Antal personar på tur:	386	955	761	696	2 798
Antal turdagar:	32	32	43	24	131
Snittdeltaking pr. tur:	12,1	29,8	17,7	29,0	21,4

Vi takkar alle som har vore med seniorgruppa og Aktiv i 100 på tur i 2024, og ynskjer vel møtt til nye turar i 2025.

----- O X O -----

Årsmelding Fjellsportgruppa

Fjellsportgruppa har dette året kome inn med nytt og friskt blod, som har brukta året på å byggja seg opp på turleiarstigen. Dei som no er i styret, er:

Emil Stafsnes (med frå tidlegare)

Eirik Lemicka

Helene Hivand

Håvard Nistad

Øystein Slåke



Bilde frå skitur i Husnesfjella, varden på Englafjell. Turen vart arrangert som ein Fjellsport-tur.

Hyttetilsyn Fagnabu

Årsmelding Fagnabu. Fagnabu er ein flott møteplass for mange turfolk gjennom heile året . Særleg barnefamiliar ser at dette er eit høveleg turmål. Er det kome nok snø , er folka i skitrekket flinke til å køyra opp løyper til Fagnabu. Mange turfolk som er innom hytta, går og vidare til Ingahogg, rundt Reikatindane eller bortom Åkrastølen . Gjennom året er det lagt ned 20 stk klopper i stien der det er vått, køyrt opp 10 sekker ved og vi har halde det ryddig både ute og inne. Takk til dugnadsfolka som gjer det lett å vera dugnadsleiar.

Takk til alle som har gjort dugnad i og rundt Fagnabu!



Helsing Helge Furdal

Rekneskap

Resultatregnskap

Kvinnherad Turlag

2024 sammenlignet med 2023

Kontonr.	Konto	2024	2023
	Salgsinntekt	711 752,70	701 236,61
3105	Arrangementer/fellesskurer		4 687,00
3199	Diverse salg	85 800,00	
3201	Arrangementer/fellesskurer	219 098,00	369 080,00
3203	Konto 3203	0,00	27 500,00
3299	Diverse salg	20 000,00	25 000,00
3400	Driftstilskudd, tilskudd og stønader	298 638,00	192 050,00
3404	Gaver (fridber for girer) mottatt		4 200,00
3406	Grasrotandel - Norsk Tipping	13 901,70	12 219,61
3450	Kontingent - solgt via DNT (Bergen og Hordaland Turlag)	74 315,00	66 500,00
	Annen driftsinntekt	64 752,00	42 912,00
3700	Momskomp/motposteringer	64 752,00	42 912,00
	Sum driftsinntekter	776 504,70	744 148,61
	Varekostnad	361 652,19	592 731,79
4230	Arrangementskostnad fellecturer annet - m deltakeravgift	291 114,82	530 949,71
4240	Gratis arrangement / dugnad, vareforbruk / bespisning	70 537,37	61 782,08
4500	Fremmedytelse og underentreprense	0,00	
	Annen driftskostnad	754 212,04	224 837,70
6300	Leie lokale	4 612,50	3 600,00
6340	Stram	235,00	1 649,00
6420	Leie programvare	2 012,04	413,00
6510	Utgifter ruter & broer		4 475,00
6540	Inventar og løst utsyr	25 485,22	
6570	Arbeidskilder og verneutstyr	47 646,81	23 831,00
6600	Tilsyn- og dugnadskostnad, hytter og ruter	530 667,76	9 778,05
6605	Vedlikehold & rep - eiendom/lokaler	5 964,86	3 845,00
6620	Vedlikehold & rep - maskiner og utsyr	883,60	
6705	Honorarer regnskapfaring	1 625,00	20 456,00
6706	Lisenser og datakostnad regnskap	7 784,00	7 932,00
6715	Honorar konsulenter	0,00	
6805	Annen rekvisita - løpende drift	2 487,00	180,00
6840	Aviser, tidskrifter, bøker o.l.		14 724,00
6860	Kursavgift, seminarkostnad	71 621,46	5 000,00
6861	Mate-kostnader	9 406,96	7 705,19
6900	Telefon, mobil og bredbånd/internett	2 130,00	2 887,69
7105	Kilometergodtgj. ikke innb.pl. - ikke ansatte	1 485,00	6 953,80
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	7 734,90	6 224,00
7300	Annonsering - trykte flater	14 638,38	28 334,56
7301	Annonsering - digitale flater		4 120,00
7302	Grafiske tjenester		7 031,25
7304	Trykkerkostn. marked/kommunikasjon	2 688,00	4 619,00
7310	Andre kostnader Marked/Salg/Kommunikasjon		20 000,00
7311	Profil-materiel		21 411,84
7420	Gaver, oppmerksomheter	3 795,00	14 232,90
7710	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	1 662,96	2 052,67
7740	Øres avrunding	0,80	
7770	Bank- og kortgebyr	4 239,00	3 381,75
7790	Annen kostnad med fradrag (Settl/inkasso etc)	5 405,79	
	Sum driftskostnader	1 115 864,23	817 569,49
	Driftsresultat	-339 359,53	-73 420,88
	Annen finansinntekt	42 922,00	14 390,00
8050	Renteinntekter	42 922,00	14 390,00
	Annen finanskostnad	9 697,22	7 178,48
8170	Purre- og inkassogebyr fra leverandører		35,00
8171	Provisjon/gebyrer kredittkort/betaling løsninger	9 697,22	7 143,48
	Netto finansposter	33 224,78	7 211,52
	Resultat før skatt	-306 134,75	-66 209,36
	Ordinært resultat	-306 134,75	-66 209,36
	Udisponeert overskudd/underskudd	-306 134,75	-66 209,36

Balanse

Kvinnherad Turlag

per tirsdag 31. desember 2024 sammenlignet med forrige år

	31.12.2024	31.12.2023
Eiendeler		
Omløpsmidler		
Fordringer		
Kundefordringer	-10 302	-10 302
Sum Fordringer	-10 302	-10 302
Bankinnskudd, kontanter o.l.		
Bankinnskudd, kontanter o.l.	1 368 293	1 695 030
Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.	1 368 293	1 695 030
Sum Omløpsmidler	1 357 991	1 684 727
Sum Eiendeler	1 357 991	1 684 727
 Egenkapital og gjeld		
Egenkapital		
Innskutt egenkapital		
Selskapskapital	1 620 235	1 620 235
Sum Innskutt egenkapital	1 620 235	1 620 235
Opptjent egenkapital		
Annen egenkapital	102 269	102 269
Udisponert overskudd/underskudd 2023	-66 209	
Udisponert overskudd/underskudd 2024	-306 135	-66 209
Sum Opptjent egenkapital	-270 075	36 059
Sum Egenkapital	1 350 160	1 656 294
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	3 818	25 727
Annen kortsiktig gjeld	4 014	2 706
Sum Kortsiktig gjeld	7 832	28 433
Sum Gjeld	7 832	28 433
Sum Egenkapital og gjeld	1 357 991	1 684 727

Budsjett

Inntekter	Utgifter	
Medl.kontingent	75 000	Kurs Utdanning
Aktivitetar Hovudlag	5 000	Turleiarsamlingar
Kajakk	5 000	Møte
Barnas Turlag	10 000	Turprogram
DNT Ung	5 000	Utstyr
Fjellsport	0	Aktiv i 100
Senior Aktiv i 100	0	Annonser
Stønad	130 000	Telefon
Grasrot	14 000	Husleige/ straum
Turprogram	0	Fjelltrimmen
Fjelltrimmen	1 500	Gåver
Mva Kompensasjon	64 000	Aktivitetar
Kvinnherad kulo	0	X
Eigne midlar	32 200	Eigne midlar
Total sum	341 700	Total sum
		341 700

Årsrapport for hytteutvalet Breidablikk og Fonnabu 2024

Hytte tilsyn / Dugnad 2024

Anne Kari Enes	5460 Husnes (kontaktperson)
Nils Gausvik	5472 Seimsfoss
Geir Eidsvik	5463 Uskedalen
Siv Framnes	5463 Uskedalen
Helge Furdal	5472 Seimsfoss
Geir Nes	5470 Rosendal
Rolf Christian Mehl	5470 Rosendal
Ole Vidar Monsen	5470 Rosendal
Terje Hellingsrud	5470 Rosendal

Besøkstal

Årstal	Fonnabu		Fonnabu		Breidablikk		overn.døgn		dagsbesøk	
	1974	1996	Overn.døgn	dagsbesøk	Breidablikk	overn.døgn	1974	1996	Breidablikk	overn.døgn
2000	541	402	943			337				
2001	461	342	803			402				
2002	502	629	1131			620				
2003	487	434	921			286				
2004	380	392	772			266				
2005	521	402	923			213				
2006	435	363	798			302				
2007	370	299	669			120				
2008	366	413	779			124				
2009	301	451	752			157				
2010	296	422	718			175				
2011	251	306	557			131				
2012	219	390	609			130				
2013	260	367	627			173				
2014	250	341	591			183				
2015	280	337	617			139				
2016	327	500	838			147				
2017			980			181				
2018			1131			179				
2019			692			159				
	ant.besøk									
2020	547	660	22	71	54	32				
2021		1056	858	79	49	30				
2022		901	744		53	75				
2023		941	835		91	117				
2024		1040			112					

Det har vore ein god oppgang på overnattingar på både Fonnabu og Breidablikk, totalt 11 % oppgang på Fonnabu og 20% oppgang på Breidablikk.

Det har vore jamleg tilsyn med hyttene gjennom heile året. I tillegg til dei vanlege dugnadane og tilsyn, der vi ordnar med bosrydding, bosbrenning, reingjering, rydding m.m., har det vore mindre reparasjonar av dørar og vindauge.

Dugnader

4.-5.mai	Tilsyn, safe, boshandtering. Reparasjon av døra på nyehytta. Nils, Geir og Anne Kari
25.mai	Tilsyn, bosbrenning, rydding m.m. Klargjering til transporten. Nils, Geir og Anne Kari
10.juni	Skifta låskasse i døra på Breidablikk, diverse på Fonnabu. Nils
14.-15.juni	Transportdugnad. Transport av ved, proviant, gass. Grundig nedvask, skifte sengetøy, reparasjonar. Nils, Terje, Siv, Atle, Geir N., Ole Vidar,
6.juli	Tilsyn, dugnad. Nils, Geir, Anne Kari
1.september	Tilsyn/dugnad. Grundig vask, bosbrenning og rydding. Nils, Siv
1.september	Dugnad, bosbrenning m.m. Nils
14.-15. sept.	Dugnad. Grundig vask i hyttene, rydding, bosbrenning. Nils, Siv, Geir, Anne Kari
29.-30.desember	Dugnad/tilsyn. Ole Vidar, Geir N. og Rolf Christian.

Dugnad utanom: transport av boss på retur til SIM, levering og henting av sengetøy til/frå vaskeriet, pakking og transport av ved, pakking og transport av proviant. Henting av utstyr til transport, gassflasker i retur / byte m.m. Denne dugnaden utgjer tre dagsverk

Jamneg tilsyn frå mars til desember med safetømming, bosbrenning, sjekka/byta gassflasker, sjekka hytteventilatorar, brannvarslingsanlegg, solcelleanl., rydda matbod, Det er sendt rapport etter kvart tilsyn til BHT.

Hyttestatus

Fonnabu 1974 / Fonnabu I

Vedovn er dårleg, må bytast.

Fukt/soppskade over og rundt ventil på "hunderom" (tidlegare proviantrom).

Skifta vindauga i stove og kjøken etter stormskaden, vart utført av Bjørn Vike.

Fonnabu 1996 / Fonnabu II

Nytt solcellepanel (bles ned hausten -23) vart sett opp. Alle vindaugshespene vart bytta. Det er no meldt om at det framleis er problem med at snø trenger inn gjennom vindauga (des.2024). Bør byta pakningslist der det er mest værutsatt. Ei hempe på stovetvindauga er øydelagt (same feil som tidlegare) og må bytast.

Motor på solventilator på nye-hytta fungerer ikkje. Det er ny motor på hytta, men vi hadde ikkje værvindauga til at det vart utført, må vera to personar og vindstille.

Pipebeslag vart erstatta med nytt.

Ytterdøra vart fiksa.

Brannvarslingsanlegg har mellombels batteriløysning.

Det er framleis problem med fukt på golv i stova. Vatnet frys til is i kalde periodar.

Fukt og vassinntrenging i sløys mellom gammalt og nytt tak. Vi trudde at årsaka kom av at pipebeslaget var vekke, men det er framleis eit problem med vassinntrenging både i sommar-og vintersesongen.

Det er elles utført vanleg dugnad med nedvask, og naudsyst vedlikehald.

Pyttebu

Denne hytta fungerer godt når det elles er fullt, den har to sengeplassar.

Pyttebu vart totalrenovert i 2021. Er i orden.

Uthus / do

Døra til vedbu på Fonnabu vart reparert med ny dørviddar, ei mellombels løysing. Døra fungerer greit, men må bytast då ein ikkje får tak i deler.

Det kjem ein del snø inn og gjer at veden og anna utstyr vert vått ved snøsmelting.

Slik det er i dag, og med forventa auka besøkstal og no større hytte, vert det for lite plass i uthuset til å lagra ved, bos og diverse utstyr.

Bestilt og fått levert 100 sekker ved til Fonnabu og Breidablikk.

BREIDABLIKK

Her er det utført vanleg tilsyn, töming av safen, rydding og nedvask.

Påfyll med ved og gass.

Hjørnebord og dørstoppar på uthus reparert (vart avrive i stormen haust -23).

Låskasse i døra mellom gang og hovudrom vart skifta.

Pipebeslag vart montert hausten -24. Ny feieluke. Det vart også sett inn ny omn.

Skap til verktøy m.m. vart sett opp i uthus. Uthuset vart rydda.

Stien Bondhus/Fonnabu

Stien er varda. T-merking mellom Breidablikk og Fonnabu er friska opp. Det er behov for å friska opp T-merking på ruta mellom Gardshammar og Breidablikk.

Plan for 2025:

Fonnabu:

Rydda gamle bølgeblekksplater frå tak og vegger på "gamlehytta". Desse har vore nedsteina sidan 1975. Det er behov for å rydda og transportera desse ned, transporten må planleggast.

Det er behov for å byta vedomin i Fonnabu 1974.

Brannvarslingsanlegg gamlehytta: Behov for batteridrivne, ikkje serie-kopla.

Ny dør til vedbu/uthus.

Breidablikk:

Behov for å beisa hytta i år.

Vi treng ein ny aluminiumsstige med høveleg lengd til Breidablikk (ikkje lengre enn at den kan lagrast i uthus) .

Hyttevert

Det er ønskjeleg at hyttevert er til stades i sommarsesongen.

Husnes 27.01.2025

For hytteutvalet,

Anne Kari Enes